



Pressemelding

Nominasjonsnemnda legg fram første utkast til fylkestingsliste

Vestland, 10. september 2026

Nominasjonsnemnda i Vestland Arbeidarparti har no lagt fram sitt første utkast til fylkestingsliste for valet i 2027. Listeutkastet markerer starten på den vidare høyringsprosessen fram mot det endelege listeframlegget som skal handsamast av partiet sitt program- og nominasjonsmøte i november.

Leiar i nominasjonsnemnda seier at målet har vore å setje saman ei liste som speglar heile Vestland, både geografisk og når det gjeld kjønn og alder. Vi har òg fått til ein god balanse mellom erfaring og fornying.

– Vi har arbeidd for å få fram eit lag som representerer mangfaldet i fylket vårt. Vestland treng sterke og tydelege Arbeidarparti-politikarar som kan kjempe for gode skular, trygg samferdsel, sterke lokalsamfunn og eit seriøst arbeidsliv, seier Marianne Sandahl Bjørøy.

Nominasjonsnemnda har motteke innspel frå kommuneparti, AUF og medlemmer frå heile fylket. Det første utkastet skal no sendast ut på høyring, slik at organisasjonen kan kome med innspel før den endelege innstillinga vert utforma.

– Dette er eit arbeidsdokument og starten på ein demokratisk prosess. Vi ønskjer brei medverknad frå organisasjonen før vi legg fram det endelege forslaget, seier Marianne Sandahl Bjørøy.

Frist frå kommunepartia og AUF på første listeutkast **1. oktober**

Vestland Arbeidarparti skal vedta si endelege fylkestingsliste på program- og nominasjonsmøtet i Førde 21. november.

For meir informasjon:

Marianne Sandahl Bjørøy

Telefon: 414 49 370

Stig Morten Frøiland

Fylkessekretær, Vestland Arbeidarparti

Telefon: 953 35309

